

Vedlegg 2

Innkomne fråsegn etter offentlig ettersyn med Ulvik herad sine kommentarar

Opprettet av: Jan Ove Vindenes
Prosjektnummer: 10232475
Prosjekt: Kommunedelplan VA, Ulvik
Kunde: Ulvik Herad
Prosjektleder: Jan Ove Vindenes
Kontrollert av: Torstein Dalen
Godkjent av: Jan Ove Vindenes

Kommuneplan for vatn og avløp vart lagt ut på offentlig ettersyn 09.06.2023, og det er motteke i alt 3 fråsegn innan fristen. I dette vedlegget er fråsegna samanstillt og Ulvik kommune har kommentert korleis fråsegna eventuelt er innarbeida i planen.

1.1 Fråsegn frå Statsforvaltaren i Vestland

Fråsegna frå Statsforvaltaren kan oppsummerast slik:

1. *Nytt avløpsdirektiv:*

EU sitt avløpsdirektiv er under revisjon. Dette kan føre til store endringar og innstrammingar av krava til handtering og reinsing av avløpsvatn i Norge. I utkastet til direktivet er det foreslått å senke grensa for kor tid krav om sekundærreinsing av avløpsvatn skal tre inn.

Det er viktig at heradet følgjer med på endringane i nytt avløpsdirektiv. Eventuelle endringar i direktivet vil mest sannsynleg bli vedtatt i løpet av 2024. Kommunen må førebu seg på å revidere hovudplanen når nytt direktiv er vedteke og har tredd i kraft i Norge. Dette er viktig for at nødvendige oppgraderingar blir teke høgde for i heradet sine planar. Avløpsdirektivet vil bli innlemma i norsk regelverk gjennom nye krav i forureiningsforskrifta.

2. *Mål:*

I planen punkt 4.2 figur 9, er målsettingar for avløpshandtering skissert. Punkt 4 bør også vise til at avløpsreinsinga skal vere i tråd med gjeldande krav i avløpsregelverket.

3. *Spreidd avløp:*

Statsforvaltaren ser positivt på at heradet skal starte opp med å gjennomføre tilsyn med private avløpsreinsanlegg og avløpsutslepp. Det vil sei tilsyn med avløpsanlegg som er omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 12. Arbeidet er i gang med å få oversikt over alle eksisterande utslepp i tilsyn med avløpsanlegg, jf. forureiningsforskrifta § områder utan fellesløyser for avløpsreinsing. Som forureiningsmynde har kommunen plikt til å gjennomføre 12-2 og § 13-2. Kommunen kan vedta lokal forskrift om gebyrfinansiering av saksbehandling og tilsyn jf. forureiningsforskrifta § 11-4 for å skaffe ressursar til arbeidet.

Klima- og miljødepartementet har gitt nasjonale føringar om at alle anlegg, også anlegg bygd før 2007, i framtida skal tilfredsstillte reinsekrava i forureiningsforskrifta kapittel 12-8 og 12-9. Føresegnene i §§ 12-16 og 13-1 6 kan ikkje sjåast på som unntaksføresegner, men som overgangsføresegner som skal gje tid til å oppgradera/rydde opp i gamle avløpsanlegg/- utslepp.

I tillegg til at kommunen tek omsyn til måla i vassforskrifta og prinsippa i naturmangfaldlova, må kommunen som forureiningsmynde også vurdere om

standardkrava i forureiningsforskrifta er tilstrekkelege for å ivareta ytre miljø. Kommunen bør også ta andre forureiningskjelder til resipienten som landbruksforureining, næringsmiddelutslepp og andre avløpsutslepp med i vurderinga.

08.01.2024

Rev 1.00

Prosjektnummer 10232475

Prosjekt Kommunedelplan VA, Ulvik

I arbeidet med å oppgradera gamle avløpsanlegg, skal anlegg med utslepp til resipientar i dårlegare miljøtilstand enn «god» prioriterast først. 3 Arbeidet må starte opp og følgjast opp med ei framdrift som vil sikre at målsetting med om god miljøtilstand i alle vassførekomstar blir nådde innan 2027. Det bør kome tydeleg fram av hovudplanen, at det vil vere behov for ein større innsats enn tidlegare med å følgje opp private utslepp dei neste åra, for å sikre at måla i vassforskrifta kan nåast.

4. *Vassmiljø:*

I punkt 4.3 Vassmiljø står det at resipient for kommunale avløpsreinseanlegg skal kartleggjast kvart fjerde år. Punkt 5.2 gjeld tiltak i planperioden 2022-2034, og det er vist til tabell 3. I tabellen er det berre vist til tiltak som skal gjennomførast mellom 2023 og 2029. Resipienten Ulvikpollen skal undersøkast i 2024. Det er ikkje vist til andre resipientundersøkingar i perioden.

5. *Overvatn:*

Det er viktig å ha kontroll med forureina utslepp av kommunalt avløpsvatn i periodar med mykje nedbør, særleg der dette er i konflikt med bruk av vatnet. Det er positivt at handtering av overvatn blir handsama i samanheng med alle typar reguleringsplanar, utbyggingsprosjekt og i byggjesaker.

6. *Rullering av kommunedelplanen:*

Det er vist til at kommunedelplanen er revidert på bakgrunn av gjeldande planstrategi, og at førre kommunedelplan blei vedteken i 2016. Det er ikkje opplyst om kor tid hovudplanen skal rullerast neste gong. Statsforvaltaren ber om å få oversendt kommunedelplanen når den er vedtatt.

Ulvik herad sine kommentarar:

Punkt 1, nytt avløpsdirektiv:

Heradet er kjent med prosessen med revisjon av avløpsdirektivet, og status for prosessen er også omtalt i planen. Sidan krava i revidert avløpsdirektiv ikkje er avklart når planen vert utarbeida, er det ikkje mogleg å innarbeide dei nye krava i planen. Men det viktigaste grepet er allereie gjort ved å samle alle nær utslepp til eit reinseanlegg og utsleppspunkt på Hjeltnes. Når nye krav vert implementert i det norsk regelverket, står det dermed kunn att å oppgradera reinseanlegget i samsvar med nye utsleppskrav. Revisjon av kommunedelplanen basert på nytt regelverk kan verte aktuelt, men dette er avhengig av kva tidsfristar og overgangsløysingar som vert lagt til grunn i nytt regelverk.

Punkt 2, Mål:

Figur og skildring av mål for avløp er oppdatert og supplert med eige mål for oppfylling av gjeldande regelverk.

Punkt 3, Spreidd avløp:

Dette punktet tas til orientering. I kommunedelplanen er det definert eit eige mål for tilsyn av spreidd avløp (private avløpsanlegg). Tilsyn av spreidd avløp er lagt inn under tiltak 3.8 Administrative tiltak. Dette er tiltak som i utgangspunktet ikkje krev eigne investeringar, men er arbeid som i hovudsak skal utførast av kommunens tilsette. Dersom kommunen ikkje har kapasitet kan det verta aktuelt å leige inn eksterne ressursar slik at ein sikrar god framdrift.

Punkt 4, Vassmiljø:

Resipient for kommunale avløpsreinsanlegg skal kartleggjast ved jamne mellomrom, til dømes kvart fjerde år. Det er lagt inn i tiltaksplanen at det skal gjennomførast resipientundersøkingar i Ulvikpollen i 2024 og 2028. Kommunen vurderer fortløpande kva intervann som er tenleg, mellom anna basert på resultatata og utviklinga av tilstanden for resipienten over tid.

Punkt 5, Overvatn:

Tas til orientering.

Punkt 6, Rullering av kommunedelplanen:

Kommunedelplanen gjeld i utgangspunktet frå 2023 til 2029, slik at neste rullering av planen gjeld frå 2030 og utover. Dersom det i mellomtida oppstår moment som endrar forutsetningane i planen vesentleg, kan det bli aktuelt å rullere planen på eit tidlegare tidspunkt. Dette er ei fortløpande vurdering. Eit moment som kan utløyse behov for rullering er endra regelverk, til dømes nye krav til avløpsreinsing i avløpsforskrifta etter innlemming av EU sitt nye avløpsdirektiv.

1.2 Fråsegn frå Vestland fylkeskommune

Fråsegna frå fylkeskommunen kan oppsummerast slik:

1. *Generelt:*

Fylkeskommunen påpeikar at sentralt i planarbeidet er identifisering av tiltak som må utførast for å oppfylle lovpålagte oppgåver, samt kostnadsberekninga og gebyrberekning av naudsynte tiltak. Det er fylkeskommunen si vurdering at dette er ein god plan, som er kortfatta og konkret. Planen har klare tiltak for gjennomføring i planperioden.

2. *Vassforvaltning og landbruk:*

Fylkeskommunen meiner at det er flott og viktig at Ulvikpollen som resipient vert undersøkt jamleg slik som planen beskriv. Når det gjeld spreidde avløp og minireinsanlegg, må desse ha jamleg tilsyn og godkjenning etter gjeldande krav. Her meiner fylkeskommunen at heradet bør vere enno meir konkret med gjennomføringa i tiltaksdelen.

Heradet har 2 tiltak inne på landbruk i planperioden 2022-2027.

1. Det er Ulvikpollen tilløpsbekker - Problemkartlegging landbruk.
2. Gauro - Tilsyn landbruk

Elles syner vi til Temaplan for landbruk for Vestland 2023 – 2027.

Fylkeskommunen ønskjer at det vert lagt til noko til punkt 3.3. Vassmiljø i planforslaget. Følgjande bør føyast til i planen:

Ulvik herad er med i Hardanger vassområde og finansieringa av drifta av dette. Vassområdet ved vassområdekoordinator har tett dialog med kommunane for å fylgja opp vassførekomstar som er i risiko for ikkje å nå miljømåla. Heradet må skissera tiltak for å få desse i god miljøtilstand.

Det vert årleg teke undersøkingar i vassområdet i vassførekomstar med dårleg tilstand.

Det som påverkar slike vassførekomstar er i stor grad spreidde avløp av kloakk og landbruk med husdyrgjødsling. Heradet er sektormynde for desse områda og det er difor viktig at det blir fylgt tett opp slik som den nye vassforvaltingsplanen krev.

Det er viktig at heradet i si planlegging tek omsyn til alle vassførekomstar. Dersom desse vert negativt påverka skal heradet gjera ei vurdering etter paragraf 12 i vassforskrifta.

3. Kulturminne og kulturmiljø

Fylkeskommunen meiner at det er uvisst om det er naudsynt med arkeologisk registrering for dei ulike tiltaka i planen basert på kartmaterialet som ligg ved saka. Det er såpass grovmaska at dei såleis ikkje på dette stadiet kan ta stilling til eventuelle konflikter med kulturminneinteressar som kan bli råka av nye tiltak. Det kan sjå ut til at ein stor del av nytt leidningsnett vert greve ned i eller langs veg.

Vestland fylkeskommune har med nokre unntak ikkje gjennomført kulturminneregistreringar i dei planlagde tiltaksområda, og vi kan på noverande stadium ikkje på generelt grunnlag seie seg samd i alle dei einskilde tiltaka.

På areal der det er kjent automatisk freda kulturminne i nærleiken, eller der det er høgt funnpotensiale for slike, skal ein pårekna arkeologisk registrering med heimel i § 9 i kulturminnelova i samband med utarbeiding av detaljplan eller søknad om tiltak.

Ved legging av VA- leidningar i sjø og vatn skal Bergens Sjøfartsmuseum ha høve til å uttale seg om marine kulturminne. Vestland fylkeskommune sender over alle saker som gjeld tiltak i sjø- og vassareal til museet.

Undersøkingssplikta etter § 9 i kulturminnelova må difor oppfyllest i samband med påfølgjande søknadar om tiltak i dei aktuelle områda. For å sikre omsynet til kulturminneinteressene i planen, vil inkludering av følgjande tekst i føresegnene vere dekkjande:

«Alle tiltak skal sendast Vestland fylkeskommune for vurdering i høve kulturminnelova, jf §§ 3, 9 og 14.»

Der planen ikkje kan justerast for å ta omsyn til automatisk freda kulturminne, kan det for viktige samfunnsmessige tiltak søkjast dispensasjon frå kulturminnelova for løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne. Det er Vestland fylkeskommune som eventuelt kan gi dispensasjon frå kulturminnelova.

4. Samferdsel

Det er ingen innspel frå samferdsleavdelinga i Vestland fylkeskommune.

Ulvik herad sine kommentarar:

Punkt 1, Generelt:

Tas til orientering.

Punkt 2, Vassforvaltning og landbruk

Når det gjeld tilsyn av spreidd avløp er dette definert som eige mål og lagt innunder tiltak 3.8 Administrative tiltak. Sjå elles kommentar til Statsforvaltaren si fråsegn punkt 3 om det same temaet.

Foreslått tekst angående vassområde, vassområdekoordinator, osv. i lagt til i kommunedelplanen punkt 3.3 Vassmiljø.

Punktet elles tas til orientering.

Punkt 3, Kulturminne og kulturmiljø

Punktet tas til orientering. Ved vidare planlegging og byggesøknad for kvart einskild tiltak, vil tilhøve til kulturminne og kulturmiljø behandlast særskilt i samsvar med gjeldande regelverk, og i samsvar med dette fråsegnet.

Punkt 4, Samferdsel

Tas til orientering.

1.3 Fråsegn frå Vera Ulanova

Fråsegna frå Ulanova kan oppsummerast slik:

1. Gledeleg at Ulvik har godt vatn og gode moderne vass- og avløpsanlegg. Målet om å halde vasslekkasjar under 10%, er beundringsverdig.
2. Utkast til VA- plan er kort, informativ og konsist, og lett å forstå.
3. Planarbeidet blei satt i gang og følgt opp av Ulanova i 2 år, i stilling som kommunalsjef i Ulvik herad. Hun ynskjer derfor at namnet hennar blir nemnt i rapporten som ein del av arbeidsgruppa.
4. Bekymring for planlagt auke i gebyret. Dette kan medføre konsekvensar for bustadmarknaden og folketal i Ulvik. Samla VA-gebyr i Ulvik ligger over landsgjennomsnittet. Behov for at dei planlagde tiltak vert vurdert nøye med tanke på økonomisk belastning på innbyggjarane. Eventuell subsidiering er ein måte å redusere denne belastninga, men planen er tydeleg på at det vert lagt opp til 100% sjølvkost.
5. Stiller spørsmål til kapasitet og flaskehalsar i vassforsyninga. Spesielt sumartid blir abonnentar oppfordra til å redusere vassforbruket. Korleis vil utbygging av vassnett påverke kapasiteten? Er det gjort, eller planlagt å gjere ein konsekvensutreiing før utbygging av tiltaka vert sett i gang?

Ulvik herad sine kommentarar:

Punkt 1, 2 og 4 tas til orientering.

Punkt 3: Vera Ulanova er lagt inn i rapporten som ein del av arbeidsgruppa.

Punkt 5: Planlagde tiltak vil betre forsyningstryggleiken og kapasiteten i vassforsyninga, blant anna er det i denne samanhengen sentralt å få etablert eit nytt høgdebasseng på Hydle.